

”Stord 1” blir å sjå i fjordane i sommar

01.06.2008



Stord I ligg no ved Holbergskaien i Bergen. (Foto: Harald Sætre)

**DS ”Stord I” vil bli å sjå i fjordane denne sommaren, men det gjenstår å sjå kor mange turar det vert, seier veteranbåtentusiasten frå Uskedalen, Harald Sætre, til uskedalen.no.  
No ligg det stolte skipet, som brann men som fekk nytt liv, ved Holbergskaien i Bergen.**




Detalj frå 1. plass salong. (Foto: Harald Sætre)

Innredningsarbeida er ikkje ferdige, mellom anna gjenstår 2. plass salong, postkontoret, billettkontoret, lugarar og mannskapsmessa. I tillegg må toaletta oppgraderast med septiktank. Men etter at båten kom frå fartøyvernssenteret i Norheimsund i mai og rednings- og sikkerheitsutstyret no er på plass, vil Stiftelsen søkja Sjøfartsdirektoratet om eit mellombels passasjersertifikat for 98 passasjerar, opplyser Sætre. Interesssa for båten er stor og mange vil leiga han, Allereie på laurdag 7. juni vil han vera med på Torgdagen i Bergen. I tillegg er det kome forespurnad frå Kvam, Tysnes, Stord og Stavanger om bruk av båten under ulike arrangement, men kor mange av desse båten kan delta på er mellom anna avhengig av passasjersertifikatet og bemanning.

I Uskedalen har Birger Myklebust og Kristian Bringedal no starta ein aksjon for teikning av medlemsskap i Veteranskipslaget Fjordabåten og der står "Stord 1" sentralt. Vanleg medlemsskap kostar 300 kroner medan pensjonistprisen er 250 kroner og livsvarig medlemsskap kostar 3.000 kroner,

Av Ola Matti Mathisen



Stord I blir å sjå i fjordane i sommar. (Foto: Harald Sætre)